



Partiprogram Osterøy SV 2023-2027

Osterøy kommune har ein utfordrande økonomi som går hardt ut over kvardagen til innbyggjarane. Vi ønsker å forsikre at tenestene kommunen tilbyr folk er bra nok til at folk kan ha det godt, og at det ikkje er dei vanskelegstilte i kommunen som må lida for ein dårleg kommuneøkonomi.

Barn og Unge

Osterøy SV vil:

- Garantere god nok bemanning i barnehagane til å gje eit godt leike- og læringsmiljø. Bemanningsnorma skal gjelde heile dagen i Osterøy-barnehagane.
- Arbeide systematisk i og med skulane for å styrke og synleggjere tiltaka mot mobbing og antisosial åtferd.
- Garantere god nok bemanning til eit trygt barnevern.
- Vidareutvikla den kommunale ungdomsklubben i samarbeid med Ungdomsrådet.

Samferdsel

Osterøy SV vil:

- Jobbe mot fylkeskommunen for å betre vegane frå Lonevåg til Tysse, og frå Votlo til Bruvik.
- Arbeide for å få gjennomført trafikk- og rassikringstiltak i krinsane.
- Ha vidare bygging av gang- og sykkelveg
- Støtte vidare drift av MS Ole Bull



Kommune

Osterøy SV vil:

- Osterøy si befolkning bør få sei kva dei ønsker når det gjeld kommunesamanslåing. Om kommuneøkonomien tilseier at det blir uforsvarleg å oppretthalde kommunestatus må alternativet utreies.
- Arbeide for ein openheitskultur som kan føre til at innbyggerane får auka tillit til forvaltinga i kommunen.
- Arbeide for ein kultur der tilsette er trygge nok til å sei ifrå om kritikkverdige forhold og at desse varsla/avvika blir handtert profesjonelt av kommunen.
- Arbeide for livssynsnøytralt seremonirom på Osterøy
- Utredda moglegheit for å auke kommunens inntekter gjennom utbygging av fornybart energikraftverk på Osterøy.
- Sikre at kommunen skal ha ein aktiv handlingsplan for klima.

Kultur

Osterøy SV vil:

- Arbeide for kulturhus på Osterøy.
- Sette av prosjektmidlar som årleg blir tildelt frivillige lag/organisasjonar etter konkret vurdering
- At kommunen fungerer som ein motivator og tilretteleggjar for frivillige lag og organisasjonar
- At kommunen samarbeider med frivillige lag, organisasjonar, og enkeltmenneske for å kunne tilby betre tenester til innbyggerane

Helse

Osterøy SV vil:

- Sikre nok kompetanse, bemanning, og tid i dei ulike einingane, slik at pasientane får forsvarlege helsetenester.
- Prioritere tidleg innsats og lokalt folkehelsearbeid.
- Sjå på lønnsnivå, arbeidstid, og oppgåver for å rekruttere og behalde sjukepleiare og fagarbeidare i kommunen. Me vil redusere



nødvendigheita av å leie inn fagfolk frå vikarbyrå, da dette gjer store innhogg i budsjettet.

- Utdanne og vidareutdanne fleire helsearbeidare lokalt, for å sikre tilstrekkeleg kompetanse framover (Fleire lærlingar, sikre at dei gode pleieassistentane våre blir fagarbeidare, fleire av dei tilsette i desentralisert høgskuleutdanning).